



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteutval for oppvekst og kultur

Møtestad: Dalsfjorden, Rådhuset

Dato: 14.02.2018

Tid: 13.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknæs	Leiar	SP
Per Svein Krøvel	Nestleiar	H
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Inghild Liv Remøy	Medlem	MDG
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Edvin Dale	Medlem	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	oppvekstsjef
Anne Årsnes Skrede	leiar helsestasjon
Toril Høydal	fagleiar helsestasjon
Inger-Johanne Johnsen	sektorsjef kultur og service
Astrid Gjersdal	leiar frivilligsentralen

SAKLISTE

Saksnr.	Sak	Arkivsak
PS 7/18	Godkjenning av innkalling og saksliste	
PS 8/18	Godkjennig av møteprotokoll frå forrige møte	
OS 2/18	Orienteringssaker	



VOLDA KOMMUNE

OS 3/18	Plan for helsestasjonen i Volda 2018 – 2020	18/365
OS 4/18	Referat SU (Samarbeidutvalet) Volda ungdomsskule	17/1783
PS 9/18	Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule	16/1929
PS 10/18	Revidering av kriterie for tildeling av kulturmidlar	16/2129

PS 7/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Uthman Harbid melde at han vil ta opp ei sak om uteområde ved Sollia barnehage. Det blir å ta opp under orienteringssaker.

Røysting:

6 røysteføre.

Innkallinga vart godkjend.

Med endringa etter forslag frå Uthman Harbid vart sakliste godkjend.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018

Innkalling og sakliste vart godkjend.

PS 8/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018

Møteprotokoll frå førre møte, 10.01.2018, vart godkjend.

OS 2/18 Orienteringssaker

Handsaming:

Uthman Harbid er tenesteutval for oppvekst og kultur sin representant i SU for Sollia barnehage. I det høve kom han med eit innspel til utbetring av uteområdet ved barnehagen:

Pga dårlig og liten leikeplass. Eg forslår at Sollia Barnehage kan få 15.000 kr ekstra i år fram til den dagen dei får ny barnehage. Desse pengene skal brukast til å gi borna akkurat same rettigheter som dei andre born i Volda Kommune.

Leiar Rebecca Riise Bjercknes kom med fylgjande forslag:



VOLDA KOMMUNE

Tenestutval for oppvekst og kultur vil invitere eigedomssjefen til neste møte for ei orientering om tilstanden på utearealet i barnehagane etter eigedomsavdelinga sitt syn og om korleis bruken av midlar sett av i investeringsbudsjettet til barnehagar er planlagt.

Røysting:

Tenestutval for oppvekst og kultur slutta seg til forslaget frå Riise Bjerknes.

Samrøystes vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018

Tenestutval for oppvekst og kultur vil invitere eigedomssjefen til neste møte for ei orientering om tilstanden på utearealet i barnehagane etter eigedomsavdelinga sitt syn og om korleis bruken av midlar sett av i investeringsbudsjettet til barnehagar er planlagt.

OS 3/18 Plan for helsestasjonen i Volda 2018 - 2020

Handsaming:

Leiar for helsestasjonen, Anne Skrede, og fagleiar for helsestasjonen Toril Høydal, var tilstades under handsaming av Plan for helsestasjonen i Volda 2018 - 2020.

Tenestutval for oppvekst og kultur hadde høve å kome med innspel til planen. Dei kom med fleire innspel som helsestasjonen tek med til vidare utarbeiding av planen.

Røysting:

Tilråding i Tenestutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018

Helsestasjonen tek med seg innspela til Plan for helsestasjonen i Volda 2018 – 2020, for vidare arbeid. Planen skal handsamast i tenestutvalet og i kommunestyret, i mars.

OS 4/18 Referat SU (Samarbeidutvalet) Volda ungdomsskule

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Tenestutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018

Referat frå SU ved Volda ungdomsskule vart teke til vitende.

PS 9/18 Utviding av skuleveka for 1.-4. trinn ved Dalsfjord skule

Handsaming:

Administrasjonen si tilråding:



VOLDA KOMMUNE

1. *Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
2. *SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
3. *Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

Røysting:

Seks røysteføre.

Tenesteutval for oppvekst og kultur gjekk samrøystes inn for tilrådinga frå administrasjonen.

Tilråding i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018 til formannskapet

1. *Kommunestyret vedtek at frå skuleåret 2018-2019 skal det vere femdagars skuleveke for alle elevane ved Dalsfjord skule, og vel alternativ 2 i høyringsbrevet som organisering.*
2. *SFO-tilbodet ved skulen vil verte utvida, slik at det også vert open SFO onsdagane.*
3. *Det er ein føresetnad for tiltaket at sektor for opplæring og oppvekst i samråd med Dalsfjord skule finn dekning innan gjevne rammer for 2018. For komande år vert administrasjonen beden om å innarbeide utvidinga i budsjett.*

PS 10/18 Revidering av kriterie for tildeling av kulturmidlar

Handsaming:

Administrasjonen si tilråding:

Punkt 5 i prinsipp for tildeling av kulturmidlar vert endra til:

5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak

- retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne
- som fleire lag eller grupper samarbeider om
- som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/kulturelt opphav
- som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande

Eit nytt punkt vert lagt til:

Punkt 11) Mottakar av kulturmidlane skal innan eit år etter tildeling gi ein kortfatta rapport med rekneskap, der det går fram at midlane er nytta i samsvar med søknad/tildeling.

Alf Jakobsen kom med framlegg om å stryke eller grupper i punkt 5, prinsipp for tildeling. Og stryke med rekneskap i nytt punkt 11.

Røysting:



VOLDA KOMMUNE

Alf Jakobsen sitt framlegg fekk seks røyster og vart vedteke. Adm. Sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 14.02.2018

Punkt 5 i prinsipp for tildeling av kulturmidlar vert endra til:

5) Tidleg innsats, førebygging og folkehelse er satsingsområde i kommunen. Tenesteutval for oppvekst og kultur vil prioritere tiltak

- retta mot barn, unge og menneske med nedsett funksjonsevne***
- som fleire lag samarbeider om***
- som medverkar til å samle på tvers av alder/generasjonar, og/eller etnisk/kulturelt opphav***
- som bidreg til at fleire vert kulturelt deltakande***

Eit nytt punkt vert lagt til:

Punkt 11) Mottakar av kulturmidlane skal innan eit år etter tildeling gi ein kortfatta rapport, der det går fram at midlane er nytta i samsvar med søknad/tildeling.

Møtet slutt kl. 15.15

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
14. februar 2018

Bente Kristin Krøvel
møtesekretær